



2022



FORVALTNING AV STØYLAR I GLOPPEN

Vedlegg til kommuneplanens arealdel 2022 - 2034

Vedlegg 4

Datert

21.02.2022

Innhald

1 Innleiing – bakgrunn for arbeidet.....	2
1.1 Tidlegare kartlegging av støylane våre.....	2
1.2 Føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel	3
1.3 Tema i planprogrammet til arealdelen	3
1.4 Innspel til arealdelen.....	3
1.5 Lokal praksis i Gloppen i førre planperiode.....	3
2 Gjennomføring og metode.....	4
3 Status støylar i Gloppen	4
3.1 Støylen som ekstra landbruksareal	4
3.2 Støylen som fritidsbustad for grunneigarar	5
3.3 Støylen som utgangspunkt for reiseliv, friluftsliv og kulturmiljø.....	5
3.4 Støylar med vegtilkomst	6
4 Kategorisering av støylar i Gloppen.....	6
4.1 Støylar der bygningane er borte	6
4.2 Støylar med bygningar og høg verdi som kulturlandskap eller høg verdi for friluftsliv – kategori A	7
4.3 Støylar med bygningar og lav verdi som kulturlandskap eller lav verdi for friluftsliv – kategori B	7
4.4 Førebels konklusjon	7

1 Innleiing – bakgrunn for arbeidet

I samband med varsel om oppstart av arbeidet med kommuneplanens arealdelen, har både fylkeskommunen og fylkesmannen sett fokus på at det er behov for å sjå nærare på korleis vi praktiserer retningslinjer for støyane i søknader om dispensasjon, der det vert søkt om å få utvide sel eller sette opp nye bygg på støyen.

Fylkeskommunen peikar på «*at vi gjennom planprosessen må avklare omfang og lokalisering av fritidsbustad/støylshus*», og at «*dette er naudsynt for å kunne gje klare føringar til både sektormyndigheiter og andre berørte interesser*». Vidare gir dei råd om at vi «*i område der ein tillét spreidd utbygging, bør ein ha inn føresegn som seier noko om avstand og tilhøve til mellom anna kulturmiljø og kulturlandskap*».

Fylkesmannen meiner at vi generelt bør vere restriktiv med å opne for hyttebygging i og ved støyksområde. Dei ser det difor som «*viktig at det vert gjort ei nærare vurdering og rangering av støyksområda med tanke på kor sårbare dei er for hyttebygging. I den grad det skal opnast for bygging av hytter i utvalde støyksområde, er det viktig at konsekvensane for naturmiljø, verdifulle støyismiljø, landskap/kulturlandskap eller andre arealbruksinteresser vert nøye vurdert i konsekvensutgreiinga*».

Plan og byggesaksavdelinga er av den oppfatning at retningslinjene i kommunedelplan for støyar i Gloppen har fungert på eit vis, men meiner at vi har fått rimeleg klåre politiske signal om at dei bør endrast og lempast på. Dette gjeld både rammer for nybygg/ påbygg og veg til støyen. Dersom vi ønskjer å ta vare på støyksområda, er det viktig å vurdere konsekvensane av dei tiltaka ein vel å opne for.

1.1 Tidlegare kartlegging av støyane våre

Det vart i 1998 utarbeida ein prosjektrapport - «*Forvaltning og skjøtsel av støyar*» av Torgny Ueland. I samband med prosjektet, vart det gjennomført ei registrering av alle støyane i Gloppen, og hytter/hyttefelt i støylnære område. Rapporten inneheld ein tematisk «Kommunedelplan for støyar» med retningslinjer for forvaltning av lovverket, som vart vedteke same år (sjå vedlegg 1). Planen enda opp med ein støyshandbok for støyseigarar og retningslinjer for støyane i kommunen. Retningslinjene utgjer også ein del av grunnlaget til fylkesmannen og fylkeskommunen i Hordaland og Sogn og Fjordane sitt temahefte [«Stølar og stølsdrift – I fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane»](#) som vart utarbeida i kulturminneåret 2009 (s. 27).

Overordna mål for planen er:

At garden og samfunnet skal få mest mogeleg nytte av støyen ved å utarbeide styringsreglar for:

- *forvaltning, bruk og skjøtsel*
- *at kulturlandskapet vert teke vare på og at miljøet ikkje vert forringa.*

Planmål:

- Å legge tilhøva til rettes for grunneigarane for fornuftig forvaltning og bruk av støyane med bakgrunn i næringsmessig utnytting og bakgrunn i støyismiljøet og lokal byggeskikk.
- Å lage retningslinjer for forvaltning av støyane til bruk for kommunale organ.

Lokalt har retningslinene vore nytta av landbrukskontoret og byggesaksavdelinga i saksutgreiing ved søknader om dispensasjon frå kommuneplanen, og vil, dersom ikkje anna vert bestemt, bli vidareført ved revisjon av arealdelen (pkt.4.4.1 i gjeldande arealdel). Nokre støyler er også omtalt i kommunen sin nyleg vedtekne kulturminneplan. Støylane våre er ein viktig del av kulturarven vår. Utfordringa er korleis vi tek vare på denne verdien, utan å sette for strenge restriksjonar slik at støylsområda ikkje vert brukt og forfell. Så langt kjenner ikkje planavdelinga til at retningslinene har vore drøfta politisk eller med ulike interessegrupper i lokalsamfunna som ei prinsipiell og heilskapleg tilnærming i ettertid, berre i einskildsaker.

1.2 Føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel

I vedteken samfunnsdel – viktige føringar for arealdelen (kap. 4.1.4), står det at «hytteområde avsett i gjeldane arealdel, og status for støyane våre, skal revurderast».

Gloppen kommune er ein stor landbrukskommune, men vi er også ein kommune som ønskjer å sette Gloppen tydeligare på kartet som ein friluftslivskommune, bl.a. gjennom ei satsing på småskalaturisme som kan tilby gode og varierte kultur- og naturopplevingar. Vidare har vi vedteke at vi vil vere i forkant i å skape utvikling i kommunen vår gjennom samhandling, skape rike og rause livsmiljø og legge til rette for nye næringar.

I Distriksenteret sitt hefte [«Verdiskaping i ditt lokalsamfunn»](#) er det fleire gode døme på korleis ein kan utløyse større utviklingskraft når ein klarer å foreine ulike interesser. Den har døme på kommunar som har nytta natur- og kulturressursane sine som ei positiv drivkraft i samfunnsutviklinga. *«Eit viktig prinsipp for den breie verdiskapinga er at ei form for verdiskaping ikkje skal øydelegge for ei anna, eller bidra til å svekke den totale verdiskapinga».*

1.3 Tema i planprogrammet til arealdelen

I vedteke Planprogram for «Kommuneplan for Gloppen 2019 – 2030 – arealdelen» er støyane våre nemnt som eit tema som skal greiast ut: *«Støylen – tradisjonell drift, fritidsbustad for folk med lokal tilknytning eller som reiselivsprodukt»?* I planprogrammet er støyane eit viktig tema i tre av planprogrammet sine sju hovudtema: som fritidsbustad (pkt.4.3), landbruksareal (pkt.4.5) og reiseliv, friluftsliv og kulturmiljø (4.7). Vi har difor valt å omtale støyane med utgangspunkt i desse tre vinklingane.

1.4 Innspel til arealdelen

I starten av planprosessen vart det invitert til å kome med skriftlege innspel til arealdelen, i tillegg til at det vart gjennomført tre planverkstader i tre av tettstadane våre. Vi mottok totalt 22 innspel til arealdelen om direkte eller indirekte endringar på eller i nærleiken av fleire støyksområde. Dette gjaldt i hovudsak tilkomstvegar, endringar av arealformål frå støy til fritidsbustad, og ønskje om areal avsett til nytt hyttefelt i tilknytning til ein av støyane. I tillegg er det kome innspel som går på vern/konservering opp imot endring og utvikling, og innspel knytt til alternativ bruk av støyshusa, til dømes utleige, småskalaturisme og betre merking for turgåarar.

1.5 Lokal praksis i Gloppen i førre planperiode

Gjennomgang av kommunekart for Gloppen og matrikkelregistrering viser at fleire av sela på støyane har endra nemning til fritidsbustad. Dette ser vi også når det gjeld storleik, form og at dei

framstår meir som hytter enn sel. På nokre støyilar gjeld dette einskild bygg, på andre utgjær det hovudinstrykket.

I løpet av dei siste 10 åra, i perioden 2008 – 2018, er det totalt oppført 68 hytter i Gloppen. Av desse er 10 oppført på eller nær opptil eit støylsområde. Desse kjem i tillegg til støylishus som har blitt vesentleg endra eller er reven og bygd opp igjen som hytter. Bare i løpet av 2019 og så langt i 2020 er det gitt løyve til 7 tiltak på støyil i tillegg til ein landbruksveg til ein støyil, på folkemunne kalla støylsveg. Tre av desse gjeld endringar utover retningslinene.

2 Gjennomføring og metode

Arbeidet med å kategorisere støyilane starta opp hausten 2018, og har pågått langs med heile arealplanperioden. Kategoriseringa legg vekt på vurdering av heile støyilsmiljø og ikkje einskilte sel. Vi har i arbeidet teke utgangspunkt i Ueland sin prosjektrapport (status i 1998), kommune kart for Gloppen (flyfoto m/ matrikkelregistreringar) og fylkesatlas (kulturlandskap, naturmangfald og SEFRAK-registreringar). Vi har også nytta oss av lokal kunnskap mellom anna frå medlemmar av sogelaget og einskilte grunneigarar. I tillegg er det gjennomført synfaring til ca. 46 av støyilane i løpet av sommarhalvåret 2019 og 2020.

Tema støyilar og handtering av byggesaker på og omkring støylsområde har i tillegg vore drøfta i rådmannen sitt planforum, i formannskapet (planutvalet) og på faglagsmøte med representantar for bondelaga i Gloppen i løpet av hausten 2018. Vi har ikkje lykkast å gjennomføre eit ope møte for å drøfte ulike praksis og syn på korleis vidare bruk av støyilane våre bør ta omsyn til.

Målet med den oppdaterte kategoriseringa har vore følgjande:

- Kva er status når det gjeld støyilane i dag – 20 år etter førre kartlegging?
- Kva for støyilar det er viktigast å ta vare på og kvifor?
- Kor skal vi vere strengare med nybygg og byggestil?
- I kva grad har retningslinene vore brukt i behandling av byggesaker som gjeld tilbygg og nybygg på og ved støyilar, administrativt og politisk?

Uavhengig av kva støyilane vert nytta til i dag, har dei stor verdi for mange. Dei formidlar kunnskap om korleis landbruket i vårt område har vore dreve, viser tilnærma autentiske støyilsmiljø og korleis bygningar vart utforma og plassert ulikt i forhold til terreng, naturfarar og avstand frå heimgarden. Fleire framstår i dag som viktige kulturlandskap med eit naturmangfald som vi er i ferd med å miste. For andre er dei viktige utgangspunkt eller mål for turar i skog og fjell. Her er det viktig at støyilen er tilgjengeleg for ålmenta, og ikkje vert privatisert.

Kartlegginga legg difor opp til å greie ut kva for støyilar som er viktigast å ta vare på for ålmenta i Gloppen i dag og i framtida. Kategoriseringa legg i denne omgang ikkje opp til vern i tradisjonell forstand, men legg til rette for ein strengare praksis når det gjeld nokre av støyilane. Det vil i løpet av planperioden vise seg om dette er tilstrekkeleg.

3 Status støyilar i Gloppen

3.1 Støyilen som ekstra landbruksareal

Gloppen er ein stor landbrukskommune, og i Ueland si kartlegging i 1998 beskriv han i alt 90 støyilar i Gloppen. Nokre av støyilane var allereie då i dårleg stand. Grovkartlegginga som er gjennomført i

samband med utarbeiding av ny arealdel viser likevel at framleis eit fleirtal av støyane er godt vedlikehaldne og i bruk. Gloppen har i dag kun 5 støyar der det er støyldrift på sommaren. Dette gjeld Gjengedalstøylen, Aastøylen og Ommedalstøylen i Hyen og Myklandstøylen og Berghheimstøylen i Breim. Sistnemnte består i dag kun av eit fjøs, og framstår ikkje som eit støyismiljø.

I tillegg har vi nokre støyar med store grassletter som opp igjennom har blitt og framleis vert slått, og fleire der støylsområde vert nytta til sommararbeite. Det er viktig at landbruksverdien av støylen ikkje vert forringa verken for dei som driv aktivt i dag eller for framtidige drivarar.

3.2 Støylen som fritidsbustad for grunneigarar

Dei fleste støyane i Gloppen i dag vert nok likevel først og fremst nytta til rekreasjon og friluftsliv. Under tema «Fritidsbustader» er det formulert følgjande arealstrategi knytt til støyar:

- Revurdere hytteområde avsett i gjeldande arealplan, og status for stølsområda.
- Vurdere arealbehov i samband med tilrettelegging for friluftsliv, som t.d. parkeringsplassar og veg til støyane i kommunen.
- Vurdere om Gloppen heller bør satse på andre former for hytteturisme enn dei store hyttefelt nær alpinanlegg, som andre kommunar i Nordfjord har hatt større suksess med. Døme kan vere hyttefelt sentrumsnært og/eller ved fjorden, eller større satsing på støylsutleige.

I Ueland si kartlegging av støyane i Gloppen i 1998, er det kun 7 støyar som er registrert med hytte på sjølve støyalsvollen, og 13 støyar med einskilthytter nær på støyalsområdet. Dette har endra seg noe i løpet av dei siste 20 åra.

Nokre av støyane har valt å legge hyttefelt i tilknytning til, men i god avstand frå, støylen i staden for å bygge om støyshusa til hytter. Hytteområde ved Sandsstøylen og Ryggstøylen på Sørstranda, Dimmastøylen på Nordstranda, Kleppstøylen i Breim og Aastøylen og Dalestøylen i Hyen er døme på dette. Med unntak av hytteområdet ved Kleppstøylen, er det berre einskilte hytter som i dag har veg heilt fram til hyttene, og ingen av områda har i dag vinterbrøyta veg.

3.3 Støylen som utgangspunkt for reiseliv, friluftsliv og kulturmiljø.

I samfunnsdelen er det formulert ei målsetting om å styrke og bygge opp om Gloppen som eit attraktivt reiselivs- og friluftslivsområde med fokus på opplevingar og aktivitet i både urørt og tilrettelagt natur, med kortreist matopplevingar og kulturformidling. Det er eit klart mål å auke talet besøkande, då dette er viktig både for lokalt næringsliv og kommunen sin attraktivitet. Ein aktiv og målrette bruk av støyls- og hytteområde kan bidra til å nå dette målet. Pr. i dag er det få som nyttar støyane til dette formål, med unntak av Myklandstøylen og Sandalsstøylen. Her er potensiale stort, men vil krevje at fleire vel å satse og gjere støylen og turar i nærområde kjent. Dette er i seg sjølv ikkje avhengig av endring av arealformålet for støylen.

Fleire støyar har lagt ned eit viktig arbeid for å ta vare på dei opphavslege støyalsråsane. Dette finn vi døme på til Holmestøylen, Sandsstøylen, Rausetstøylen og no i nyare tid Seime/Rådstøylen. Den viktigaste måten å halde dei i hevd er regelmessig bruk og med tilrettelegging der slitasjen er størst. Opparbeidinga av Trivselskogen er eit døme på korleis støyar har blitt meir tilgjengeleg til fots frå sentrum.

Fleire av støylsråsene er i dag meir eller mindre grodd igjen. Dette heng nok saman med at mange støylyar i dag har veg fram til støylen.

3.4 Støylyar med vegtilkomst

Støylsvegar er eit mykje brukt begrep i Gloppen, sjølv om dei fleste vegane har blitt til som skogsvegar eller landbruksvegar. Vi har kun unntaksvis støylsvegar som er opparbeida etter plan og bygningslova.



Vi har i dag 46 støylyar med private skogsbilvegar i Gloppen, der i alt 32 er bomvegar som er opne for fri ferdsel. Dei 13 støylyane langs «høgfjellsvegen» frå Utvikfjellet til Kvile har også bom, men dei er kun opa for grunneigarar. I tillegg har vi Bergheimstøylen som ligg tett på E 39, Hope-/Breistøylen ved FV 615 og Moldestadstøylen og Steffastøylen ved FV60 over Utvikfjellet.

Åtte av støylyane har traktorveg. Dette er hovudsakleg i bratte område som ikkje eignar seg for ferdsel med bil, utan at det vert store inngrep i landskapet.

Støylyane Fitje, Arnestad og Straumsbotnen er døme på støylyar som kan nåast både til fots og med båt frå tilgjengeleg veg/parkering.

Fleire av dei resterande støylyane ligg inne i fjellområde med urørt natur, der ein ikkje ønskjer at det skal lagast veg. Dette gjeld t.d. Sandalstøylen i Breim, og støylyane Mjellem, Røyrvik, støylyane til Eimhjellen og Straumsbotn i Hyen.

4 Kategorisering av støylyar i Gloppen

Ved kategorisering av støylyane, har vi delt dei inn i tre grupper:

- 0 – Støylyar utan bygningar eller der bygningane ikkje kan brukast til ønskja formål
- A – Støylyar med bygningar og høg verdi som kulturlandskap eller høg verdi for friluftsliv
- B – Støylyar med bygningar og lav verdi som kulturlandskap og lav verdi for friluftsliv

I arbeidet med kategoriseringa har vi teke utgangspunkt i følgjande tema og verdiar (sjå vedlegg 5):

- Plassering i verneområde
- Støylsdrift som kulturformidlar
- Aktivt beitebruk/grasslåt
- Tilnærma autentisk byggestil/ kulturmiljø
- Viktig kulturlandskap/naturmangfald
- Verdi for reiseliv/ friluftsliv/utfart
- Få/ ingen bygningar igjen av opphavslege
- Ingen samanhengande byggeskikk
- Oppført i nyare tid

4.1 Støylyar der bygningane er borte

Ved handsaming av søknader om tiltak i støylsområde som er nedlagde, og der bygningane heilt eller delvis er borte, skal området vurderast på lik linje med andre naturområde i kommunen (LNF). På

gamle støylyar kan det ligge fornminne som endå ikkje er oppdaga (under markoverflata). Dersom det i samband med bygging blir oppdaga kulturminne, skal arbeidet stansast umiddelbart. Funn skal straks meldast til fylkeskommunen si kulturavdeling, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Vi har 5 støylyar i Gloppen i kategori 0:

Bergheimstøylen, Stokkestøylen, Hjellestøylen og Teitastøylen i Breim og Heimsetstøylen i Hyen. Støylyar i kategori 0 skal behandlast som LNF-område.

4.2 Støylyar med bygningar og høg verdi som kulturlandskap eller høg verdi for friluftsliv – kategori A

I Breim er dette Kålestøylen, Øvresetstøylen, Bjørnarheimstøylen, Myklebuststøylen, Eggestøylen, Myklandstøylen, Nes/Kandalstøylen og Reedstøylen.

På Nordstranda gjeld det t.d. Tystadstøylen, Gloppestadstøylen og Austrheimstøylen.

På Sørstranda er det mange støylyar i kategori A. Fitjestøylen og Arnestadstøylen i vernesona. I tillegg har vi Mardalstøylen, Gimmedstadstøylen, Rausetstøylen og Sandsstøylen. Fitje vårstøyl og Mardal vårstøyl er ein av få vårstøylyar vi har igjen.

I Hyen er det særskilt viktig å ta vare på støylyane som framleis er i drift med mjølkeproduksjon. Dette gjeld Gjengedalsstøylen, Aastøylen og Ommedalstøylen. Holmestøylen og Straumsbotnen har stor verdi pga. plassering og støylystype. Begge er små støylyar som fortel ei historie.

Sjå vedlagt oversikt!

4.3 Støylyar med bygningar og lav verdi som kulturlandskap og lav verdi for friluftsliv – kategori B

Dette gjeld dei fleste av dei resterande støylyane. Unntaket her er støylyar som ligg langt inne i urørt natur, utan tilkomstveg. For øvrig sjå vedlagt oversikt!

4.4 Førebel's konklusjon

Alle eksisterande støylyar er i dag avsett til LNF-formål og er markert med «STØYL» på kartet. Kategoriseringa av støylyane må sjåast på som ei grovkartlegging. Vurderinga av støylyane som kulturlandskap krev mellom anna ei meir oppdatert kartlegging av naturmangfald, og dette vart ikkje definert som ei utgreiing som skulle gjerast i vedteke planprogram. Tidlegare kartleggingar som er gjort på dette område av eksterne fagmiljø er av eldre dato. Det har likevel vore nytta i denne kartlegginga.

Støylysklasse er lagt inn i plankartet og omtalt i føresegnene, men føresegnene er like for A og B kategorien. Dette medfører at det både for støylyar i kategori A og B kan gis dispensasjon til tiltak i tråd med retningsliner, men det bør være ein meir restriktiv haldning til å gi dispensasjonar på kategori A støylyar.